

KYRKJEBLADET

68. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 2/2014

Andakt Side 3

Slekters gang Side 19

Gudstenesteliste Side 19-20



Biskopen var her! Side 12-13

Ny prest frå Vaksdal

Side 4-5

Hans Kristian H. Lid

Side 10

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvardboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

Trusopplærer / kyrkjelydsprest

Marianne Bergsjø Gammelsæter

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 95 80 69 20

E-post: marianne@vaksdal.kyrkja.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Infrmasjon om gudstenester, konfirmanntida
og Kyrkjebladet finn du på
www.vaksdal.kyrkja.no*

Bilete på framsida:

Biskop Halvor Nordhaug i Stamnes kyrkje.

Å sjå ting utanfrå

Eg sit her og ser på verda rundt meg. Utanfrå. Ikkje frå månen, eller ein fjelltopp, men frå sofaen.

Du kan fint sjå verda frå sofaen. Verda kjem i ferdig sorterte bitar og bilete på nyheitene, nettavisene, Facebook.

Plukk det du liker, klikk deg vidare. Frå sofaen er verda natur, kaker, oppussing, frekke vitsar, krig, flaum, musikk.

Verda er nokon du er samd med, eller nokon du likar å krangle med. Verda er krigen langt borte, eller krigen mot brunsneglen.

Dei siste dagane før Kyrkjebladet gjekk i trykken svedde landbruksoppgeret rundt oss. Det kom nær nok til å engasjere mange.

Det nappa oss litt ut av sofadøsinga, og bonden som «type» kom fram i ljuset.

Tenk deg denne oppgåva: Ein bonde er ein person som ser slik ut: (fyll ut) og gjer slikt arbeid: (fyll ut) kjører slik traktor(fyll ut) Eg tippar at mange til og med kan setje namn på han før ein får tenkt seg om. Me forenkler det meste, for å forstå det meste.

Det finst ikkje yrkesgrupper i dette landet som har større variasjon i arbeidsdagen og utfordringane sine enn bonden. Ikkje eingong bøndene seg imellom kjenner til kva alle dei andre har å stri med.

Og nokre av oss, som sit her og ser verda rundt oss, ikkje frå månen, eller ein fjelltopp, men frå sofaen, har kanskje noko å lære av dette.

Me må ta oss tid til å sjå verda innanfrå, ikkje berre utanfrå. Ta oss tid til å forstå både bonden, så me ikkje berre lagar enkle typar som er lette å forstå seg på.

Så kan me kanskje til og med, ein dag, forstå landbruksoppgeret.

Eg arbeider i kyrkja. Den norske kyrkja er ein stor organisasjon. De finst få yrkesgrupper i dette landet som har større variasjon i arbeidsdagen og ufordringane sine enn kyrkjeverjene. Stundom tenkjer eg på kva folk tenkjer om kyrkjeverjer. Og prestar. Utanfrå.

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

Retur til: Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 15. august 2014



GUDS ANDE ER GJEVEN FOR ALLE

«Medan Peter endå tala, fall Den heilage ande på alle dei som høyrde Ordet. Dei truande av jødisk ætt som var komne dit saman med Peter, undra seg storleg over at Den heilage andens gåve var aust ut over heidningane òg. For dei høyrde at dei tala i tunger og lova Gud. Då sa Peter: Desse har fått Den heilage ande slik som vi. Kan då nokon nekta dei vatnet og hindra at dei blir døypte? Og han baud at dei skulle døypast i Jesu Kristi namn.» Apg. 10.44-48a

Det er Pinsetid. Ved pinse starta kyrkja si tid i verda. Jesus hadde fullført sitt verk. Han hadde lært opp læresveinane. Etter påske med død og oppstode viste han seg for dei ei rekke gonger. No ved pinse var dei overtydde om at det verkeleg var Jesus. På Helgetorsdag vart han teke opp til himmelen for auga deira etter å ha gjeve dei oppdraget om å gå ut med evangeliet til alle folkeslag i heile verda. Dette vart stadfest på pinsedagen 10 dagar seinare. Han hadde lova dei Anden. Anden skulle vere med dei og rettleia dei i alle ting.

På pinsedagen kom Anden over dei medan dei var samla i bøn og lovsong. Det var som eldtunger frå himmelen. Dei sette seg på kvar einskild, og dei vart fylde med Guds Ande. Anden leidde dei straks ut i Jerusalem for å forkynne om Jesus. Leiaren Peter heldt ein stor tale. 3000 vart omvende til tru på Jesus og let seg døype den dagen. Dei samla seg i fellesskap og Herren la til nye for kvar dag. Men var det berre jødane som skulle verte kristne?, var det store spør-

målet. Gud synte for Peter at dette nye og var for heidningane, dei som ikkje er jødar. Først såg Peter i eit syn at Gud sende ned ei duk frå himmelen med ureint kjøt og bad Peter ete. 3 gonger såg han duken. Etterpå kom det utsendingar frå ein mann med namn Kornelius, og han blei med nord til byen Cæsarea. Kornelius var ikkje jøde, men ynskte å høyre om Jesus. Peter underviste og fortalde dei som var samla i Kornelius hus om trua. Då var det Gud ved sin Ande stadfeste synet. Me skal ikkje kalla noko ureint, når Herren har gjort det reint. Peter skjøna no at evangeliet om Jesus i sanning var for alle folkeslag på jorda. Gud gjer ikkje forskjell. Me alle har rett til å verte døypte og kallast Guds barn. For den Andens gåve som læresveinane hadde vorte overauste med på pinsedagen, den fekk no Kornelius og alle sam var der.

Det er ikkje snakk om at nokon er meir kristne, eller truande enn andre. Trua er ei gåve frå Gud. Me treng berre å opne hjarte og hender for han, så gjev han oss del i himmelens gåver. Som Herren auste sin Ande over dei som høyrde og tok imot bodskapen, slik vil han fortsatt ause seg ut over alle her i Vaksdal. Pinsen er eit under. Me treng ikkje føle oss verdige og reine. Alle som er ureine og uverdige gjer han rein og rettferdige. Alt tek me imot i kjærleik av berre nåde. Så forvandlar han hjarta våre og sender oss vidare med dei gode nyhende. Det Herren har gjort for meg, vil han og gjere for deg. Det er som ei heilag loge av eld som tek fyr frå den eine til den andre av oss. Truselden spreier seg av seg sjølv, berre me kjem i nærleiken av kvarandre og let logen få brenne fritt i liva våre.

Sokneprest Edvard Bø

Ordinasjon i Åsane kyrkje søndag 15. juni

Ny prest frå Vaksdal: Kjetil Kring

Kjetil Kringlebotten frå Stanghelle vert ordinerert til prest i Åsane kyrkje søndag 15. juni kl. 11.00, og tek til med eit års vikariat som sokneprest i Hafslo den 12. august. Kjetil er med dette den tredje ungdomen frå Vaksdal som er blitt prest de siste åra.

Kjetil har i vår søkt fleire stillingar, men som nyutdanna prest kjem ein gjerne eit stykke ned på lista over søkjarar. Men så vart han kontakta av prosten i Indre Sogn med spørsmål om han kunne vere vikar i Hafslo. - Prestebustaden i Hafslo er for tida tom, og eg skal anten bu der eller i eit leigd husvere. Hafslo er eit passe stort område for meg. Og det passar å starte prestenesta med eit vikariat, seier Kjetil. Kjetil skal vere vikar for soknepresten i Hafslo, førebels for eit år. Hafslo ligg i Luster kommune, og Kjetil skal elles gjere teneste i Solvorn sokn og i Fet og Joranger sokn. Det er om lag 2000 kyrkjemedlemar i desse sokna, og heile kommunen har om lag 5000 innbyggjarar. Det komande året kan Kjetil med i dobbel tyding kalle seg Sogne-prest!

Det seks år lange studiet vert avslutta i desse dagar. Dei fyrste fem åra gjekk Kjetil på NLA (Norsk Lærarakademi), det siste året har han vore på Misjonshøgskolen i Stavanger. Der har han hatt det meste av praksistida si. To dagar etter at studia er over vert han vigsla til prest – eller ordinerert, som me vel helst seier no - i Åsane kirke.



Kjetil var ivrig deltakar på bispedømet sitt ungdomsting, der han representerte Vaksdal i 2008 og 2009. Foto: Ingrid Hetlevik

- Årsaka til at det vert der og ikkje i Dale kyrkje er at biskopen ikkje når over å ha ordinasjon i heimelyrkjene til alle som skal ordinerast. I tillegg skal han ha permisjon i haust. Denne dagen vert det ordinasjon av ein som skal byrje i Åsane, meg og ein til. De vert gudsteneste kl. 11, og kyrjekaffi etterpå, fortel han. Og legg til: - Eg vonar mange frå Vaksdal og finn vegen til Åsane den dagen.

Korleis fann du ut at du skulle bli prest?

- Å studere teologi byrja eg å tenke på då eg gjekk på Bibelskulen på Bildøy for elleve år sidan. Etter den skulen var eg i militæret før eg byrja å jobbe som reinhaldar i Vaksdal kommune. Samstundes tok eg opp att nokre fag frå den vidaregåande skulen, og då gjekk det i tysk, filosofi og idè-historie. Så byrja eg på NLA, og det var veldig greitt å gå der, for då

kunne eg tenke berre på teologi som fag. Men for eit par år sidan byrja eg å tenke meir og meir på presteneste.

Men kvifor vil du vere prest, då?

- Eg vil vere med å spreie evangeliet, og gudstenesta er sentral her. Det er trong for menneske som vil vere med på å dele vidare gåvene frå Gud, og eg vil gjerne vere mellom dei som gjer det ved å vere prest.

Dei med god hugs vil minnst at Kjetil hadde to gudstenester her i kommunen 17. mai i fjor. Han hadde og eit kort vikariat som prest i Tingvoll sommaren for to år sidan, og hadde såkalla stiftspraksis i Volda no i vinter. Men kyrkjegjengar har han vore sidan han var liten.

- Det har vore ein fordel at eg har gått fast til gudsteneste i ein kyrkjelyd. Under studiet i Bergen gjekk eg i Mariakirken til ho vart stengt grunna oppussing, og seinare i

Sandvikskirken. I Stavanger går eg i Kampen kirke, som ligg like ved Misjonshøgskolen.

Utanom gudstenester vil konfirmantarbeid vere blant oppgåvene til Kjetil i Hafslo.

- Eg har røynsle med slikt arbeid frå Vaksdal, men ser mellom anna at kunnskapsnivået hos konfirmantane er ei utfordring. Så eg tenker at konfirmantarbeidet både må vere kunnskapsbasert og vere ei øving i kristen praksis.

Er det noko du gruer deg til som ny prest?

- Det er ingen ting eg gruar meg til, men det vert jo nytt me den møteverksemda som fylgjer med ei slik stilling, til dømes i sokneråda. Eg har heller ikkje hatt så mange gravferder til no, så det å kome tettare på dei som er døde og deira pårørende er noko eg må bli fortruleg med.

Du har vist stor interesse for den

lebotten

katolske kyrkja. Korleis har det gått?

– Eg har tenkt mykje på den katolske kyrkja, og vurderte før studia om eg skulle slutte meg til henne. Den katolske kyrkja representerer kontinuiteten, men eg ser at det gjer Den norske kyrkja og. Ho er ei folkekyrkje, noko eg set pris på, og gjennom studia vart eg meir og meir trygg på den lutherske læra. Samstundes er eg oppteken av det økumeniske, så eg ser det verdifulle i andre kyrkjer og. Kjetil kallar seg høgkyrkjeleg, seier han, men då han har vakse opp både med kyrkje og bedehus ser han kor verdifullt samspelet mellom desse er. – Eg vert meir og meir glad i gudstenesta, seier han.

Kjetil er snart 31 år gamal, han vaks opp på Stanghelle saman med foreldra, to brør og etter kvart ei litlestyster. Han gjekk på KUL i Vaksdal bedehus i fleire år, omtrent frå då dei starta opp der. Han har og reist på leir sidan han var i 12-årsalderen, særleg på Fagertun, og han har vore på mange påskeleirar og pinseleirar der.

Kjetil er ein aktiv brukar av internett, og har vore aktiv bloggar sidan 2005.

– Det med internett byrja eg med i militæret. Då var det mykje dødtid, og me hadde tilgang til datamaskinar og internett, og eg både les og diskuterer mykje på nettet

Kjetil er glad i film, det merkar alle som vert kjent med han. Favorittfilmen? Gudfaren 2. – Og eg likar å spele Xbox, seier han. – Då går det særleg i historiespel.

Kvifor er du kristen?

– Eg trur at den kristne budskapen er sann, og trua gjev meg eit perspektiv på heile livet. Ho er ei tolkingsramme for livet.

**Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe**



Min salme

Det var Lars Ragnvaldsen som vart utfordra til å skrive om si salme i sist kyrkjeblad, og han skriv:

Som organist og kantor i 50 år i disse dager er det vanskelig å samle seg for en salme som «min salme». Arvelig belastet som jeg var, ble min interesse for salmesang vekket allerede i 10-årsalderen. Jeg syntes det var fantastisk å høre salmesang i den gang fullsatte kirker i Bergen og siden har denne kraften og felleskapet i salmesangen vært inspirasjon til at jeg har fått den gaven å være med og åpne døren til salmeskatten for mange mennesker.

For meg skifter min salme seg etter kirkeåret. Jeg kan si at jeg er litt svak for «Himmelvendte» salmetekster gjerne med folketoner til melodi. Jeg er også svak for nynorsk som språk til salmer da a-formen ofte er bedre å synge på. Den salmen jeg nynner på i disse dager er nr 415 i NoS av 1984.

Av salmetrender opp gjennom historien fra mange land i Europa, synes jeg at den anglikanske salmetradisjonen er den som ligger mitt hjerte aller nærmest. Gode melodier til majestetiske tekster som i tilfellet 415 i NoS, godt oversatt av Arve Brunvoll fra engelsk etter J. G. Whittier. Komponist er C.H.H. Parry i 1888. Samme komponist har komponert majestetiske Jerusalem i 1916, som avslutter Last night of the Proms i Royal Albert Hall hvert år. I salmer-1997 nr 149, tekst Lina Sandell/Anders Hovden.

Lars utfordrar Ole Johnny Domben til å kome med neste bidrag til «Min salme»

Du Far og Herre, du som rår
T: J.G. Whittier 1872, 1884
O Arve Brunvoll 1978
M C.H.H. Parry 1888

- 1 Du Far og Herre, du som rår,
 å gløym vår dårskaps vis;
 forny vårt hjarte og vårt sinn,
 lat opp vår munn ved Anden din
 til heilag lov og pris,
 til heilag lov og pris.
- 2 Lat oss i einfelt tru på deg
 stå opp i denne stund
 og følgje Herren på hans veg,
 lik dei som eingong reiste seg
 |: ved kallet frå hans munn. :|
- 3 Å Galileas sabbatsfred!
 Å høge åsars ro,
 der Jesus kneler stilt og bed
 den bøn din kjærleik kjennest ved,
 |: der er di æve no. :|
- 4 Send himmelsk ro lik dogg som fell,
 til striden er forbi; *
 tak strev og møde frå vår sjel,
 og lat vårt liv få vitne vel
 |: om kvila du vil gi. :|
- 5 Lat Anden i vårt hjarte bu
 med balsam og med trøyst!
 Lat tvilen vike for vår tru;
 i jordskjelv, storm og eld, kom du,
 |: kom, linne susings røyst! :|



• Livs og trus VEGEN i Vaksdal

• **Vegen** er namnet på trusopplæringa for ALLE døypte, og andre som ynskjer det, i heile Vaksdal

• **Vegen** er livs- og trusvegen me vandrar med kvarandre og med Gud heile livet

• **Vegen** er trusopplæring for alle frå dåpen og til 18 år og vil vere livsnært og kjekke samlingar for born og unge (saman med alle aldrar) i Vaksdal

• I Vaksdal er det like naturleg å delta i trusopplæringa som å bere borna til dåpen

• Gud gjev – vi deler. Gud gjev livet og trua. Vi deler tru, fellesskap og liv med små, store og eldre

• **Vegen** vil gje born og unge i Vaksdal del i den kristne kulturarven. Me opnar opp for det vakre Gud har skapt og for kunst og musikk

• Ver med – gå nokre steg saman med born og unge i kyrkjene og i heimane, enten du er born, ungdom, foreldre, besteforeldre, oldeforeldre, fadder eller berre vil vere med

• Informasjon finn du i Kyrkjebladet og på kyrkja si heimeside (vaksdal.kyrkja.no) og det kjem som invitasjon i posten



Kva kjem til å skje?

Samlingane vil vere ulike og tilpassa borna sin alder. Det vil vere tilbod til alle. Born og unge med særskilde behov vil det verta lagt til rette for så langt råd er.

Det vil vere ulike tema og innhald frå gong til gong, sett opp i ein samla plan, og i eit årshjul. Nokre type samlingar vil gå att:

- Dei fleste samlingane vil vere knytt til ei gudsteneste
- «Gudsrikeleiken» vil verta nytta som forteljingsmetodikk og opplegg på mange samlingar
- Vandringar ute og inne i kyrkjerommet, vår og haust
- Samlingane med ungdomane vil bere preg av leiarfokus og «medvandring»
- Song og musikk vil vere ein natuleg del

NYTTÅR

... ..
Desember
 Lysmesser med
 konfirmantane
 og fleire

... ..
November
 Adventverkstad,
 Gudsteneste,
 Gudsrikeleiken 3-5år
 Tema: Advent og jul

... ..
Oktober
 «Kode B», Gudsrikeleiken
 og Gudsteneste 10 år
 Konfirmanthelger


... ..
September
 Pilegrimsvandring 9 år
 6. – 7. september:
 Jordbærjazz i Bergsdalen
 med vandring,
 ungdomskafe og jazzjam

... ..
August
 «Skulevegen start» for
 alle fyrsteklassingar (6 år)
 i si kyrkje. Gudsteneste,
 Gudsrikeleiken og måltid
 Konfirmanttida startar

SOMMAR

Trusopplæringsreformen i Den norske kyrkja

Trusopplæringa i kyrkjene i Vaksdal er ein del av Den norske kyrkja si trusopplæringsreform. Denne reforma vart sett i sving i 2004, og Vaksdal er av dei siste kyrkjelydane som får noko tilskot til eit utvida trusopplæringstilbod. Det skal vere i systematisk og samanhengande trusopplæring frå 0 – 18 år. Bakgrunnen for at Stortinget vedtok denne reforma, og årleg set av pengar over statsbudsjettet, er bortfallet av kristendomsundervisning i skulen dei siste tiåra. Trusopplæringa er foreldra og kyrkja sitt felles ansvar.





Kva hugsar du best frå Tårnagenthelga eller LysVaken? Kva likar du å drive med på fritida?

Jaron Elias Meyn (9 år)

Det er hugsar best frå Tårnagenthelga er hinde-derløypa; at vi kravla under og over og alt...og at Tårnagenten eigentleg var presen-ten! På gudstenesta var det kjekt å syngje, og så var såg eg fiskarane til Jesus som skulle kasta ut på høgre sida og fekk MASSE fisk! Jesus sa det skulle skjje, og når Han seier noko, så skjer det!
På fritida gjer eg lekser og leiker ute og inne!



Kari Sigurdson (11 år)

Eg husker nokre av perlene i kyrkja best; kjærleiksperlene, «tvillingperlene» og Gudsperla. Det var så fint å gå og sjå. Og det og sove i kyrkja var litt kjekt, men vi sovna litt seint! Det var gøy med sporløp og då var vi i kjellaren og i klokketårnet, og så var det fint å vere saman i kyrkja på gudstenesta på søndagen, og eg likte særleg godt songen «Bibelen er en gammel bok»!
På fritida spelar eg fotball og handball, og så likar eg å syngja.



Ingrid Eliassen (11 år)

Det var kjekt å vere på LysVaken saman med venninnene mine i Dale kyrkja. Men det var litt skummelt å sove der... vi sov rett ved alterringen framme i kyrkja! Eg hugsar ikkje så mykje no, men det var kjekt!
På fritida er eg med vener og så spelar eg fløyte. Eg har to storebrør, og det kan vere litt «bale» innimellom når dei tergar!



Fyrsteklassing til hausten?

I samband med trusopplæringa inviterer vi ALLE fyrsteklassingane i kyrkjene i Vaksdal til ei særskild gudsteneste med markering av skulestart i si kyrkje. «Skulevegen» startar òg med «livs- og trusvegen»! Det vert ei kjekk gudsteneste for alle, Gudsrikeleiken og eit måltid.

Datoane for gudstenestene blir:

Søndag 24.08:

Dale kl.11.00 og Stamnes kl.17.00

Søndag 31.08:

Vaksdal kl.17 og

Nesheim (for Eksingedalen) kl.11.00



Jordbærjazz i Bergsdalen

6. og 7. september vert både ungdom, ungar og vaksne inviterte til JORDBÆRJAZZ i Bergsdalen! **Det vert jazzjam/konsert på laurdagskvelden og jazzgudsteneste søndag kl.12.** Mykje anna kjekt vil òg skjje for små og store. Me inviterer spesielt ungdom frå heile Vaksdal til å vere med på laurdagskvelden med jazzjam/konsert, Bergsdalstunet er ope med pizzasnurrar og andre «snurrar», mykje sosialt, litt program og drøs. Laurdag føremiddag vert det vandring med stasjonar og Gudsrikeleiken for familiar og andre. Innimellom vert det JORDBÆR i ymse variasjonar! Set av helga og inviter slekt og vener til å vere med!



Ny logo: Trusopplæringa for alle sokna i Vaksdal har fått ein felles logo og «merkevarer» med tittelen «trus- og livsvegen». Ein annan stad på trusopplæringssidene i kyrkjebladet finn du meir om kva tittelen tyder. Det er GROM som har utforma logoen. Dei vil òg utforma «roll-ups» (banner som står på golvet). Desse vert til bruk i kyrkjene og til dømes på kyrkja sin stand på Daledagane no i juni. «Vegen i Vaksdal» har dermed sett dagens lys! HURRA!

Ungdom på veg

Fortell litt om deg sjølv, Hans Kristian!

Eg vart fødd i Bergen, men er oppvaksen på Dale og flytta til Vaksdal då eg var fjorten år. Eg er 21 år og bur fortsatt på Vaksdal saman med foreldre og to yngre søstres. Då eg var yngre spelte eg litt fotball og haldt veldig mykje på med musikk. Det var trommer og perkusjon det gjekk i! Og så var eg med vener, men det er ikkje så mange av dei eg er med no, ein skifter jo litt vener med åra.

Men sjølv om du har budd ulike stader i Vaksdal og no studerer i Bergen, ser du på deg sjølv som «Vaksdøling»?

Ja, så absolutt! Eg er stolt av bygda mi og folka her. Det å vere frå ein liten plass gjer at eg kjenner at eg høyrer til her. Det er ein viktig del av meg og identiteten min. Det som er så bra er at det er eit «lite samfunn» og ein har litt kontroll på kva som skjer og det sosiale livet. Det likar eg!

Du har vore aktiv i KUL og ungdomsmiljøet på bedhuset på Vaksdal, fortell om kvifor det vart slik!

Eg vart eigentleg med i konfirmasjonstida, men det var året etter at eg vart skikkeleg aktiv, sidan familien flytta frå Dale til Vaksdal. Rett etter konfirmasjonen tok eg eigentleg eit viktig val og fant ut at eg var kristen. Det var faktisk i bilen heim frå KUL ein kveld da sa eg til Gud at «eg trur på deg!» Og veit du kva? Plutselig var det ei glime i skyene, for det regna den kvelden, og månen skein rett ned på meg. Det var skikkeleg stilig! Men eg haldt det for meg sjølv ei stund og så fortalde eg det litt om litt til dei eg kjente. For meg var det vore fint å ha eit kristen fellesskap med andre ungdommar på KUL.

KUL har jo vore viktig for deg og mange andre ungdommar i Vaksdal, kva er så bra med det miljøet der?

Det beste, Hans Kristian



Hans Kristian Lid.

tenker litt og seier: Det er at alle kan vere seg sjølv, det er trygt der, alle har nokon å snakka med og så ynskjer vi at alle skal kjenne seg velkomne.

Så det er prototypen på ein «mainstream», «kristen koseklubb»?

Nei, absolutt ikkje! Eg opplever at vi er veldig ulike vi som er der, veldig! Men det er rom for alle slik vi er.

Så korleis vil dine vener omtale deg, då med tre stikkord?

Hm... At eg er morsom, til å stole på og litt «rar» kanskje...

Kor ser du for deg at du er om ti, femten år?

Oi, det var vanskeleg, sånt tenker eg ikkje så mykje på, men eg er nok trusopplærar ein eller anna stad. Kanskje på Voss, der trur eg kanskje eg vil bu etter kvart, for der trivs eg godt.

Er det noko du brenn for?

Ja, eg brenn for ungdomsarbeidet og alle ungdommar skal ha eit trygt ungdomsmiljø der de kjenner seg velkomne. Og så er eg opptatt av rettferd. Eg har heilt sidan eg var liten tenkt at det er viktig å dele med dei som er fattige.

Tenk deg at du har ein kompis eller venninne som tilhøyrar ein annan religion. Kva ville du ha sagt til han eller ho er det viktigaste i kristendomen?

Nestekjærleiken, svarar Hans Kristian, utan å tenkje. Det å vise omsorg, kjærleik i praktisk handling. Det står mykje viktig om det i 1.Johannesbrev; at vi skal elske kvarandre og dele med fordi Gud elsker oss fyrst.

Men det er jo noko dei fleste religionar har til felles?

Ja, og det er jo kjempebra og ein fin måte å få til ein god samtale om viktige ting, dessutan har alle religionar «svin på

skogen», så det har vi og paradoksalt nok til felles...

Du er student på NLA (Norsk lærarakademi)? Kva studerer du og korleis er å være student på NLA?

Eg går på eit studie som heiter praktisk teologi og leing på NLA, som er eit heilt nytt fag for året. Eg skal ta ein bachelorgrad i emnet, og håpar at det skal gje meg dei kvalifikasjonane som trengs for å arbeide som trusopplærar eller kateket. Studentmiljøet på NLA er utruleg bra, og eg trivst veldig godt. Kjekke medstudentar og gode forelesarar.

Når er dine finaste stunder i kyrkja?

Eg trur det må vere når eg sjølv er med å spelar eller er forsongar i kyrkja. Det er så utruleg kjekt å halda på med musikk, og så er det mange flotte salmar og lovsongar! Kantorane er flinke til å spørje om eg vil vere med å spele i kyrkja, og det set eg pris på, sidan det stort sett berre er då eg spelar saman med andre enn datamaskina heime på guterommet...

Korleis kan kyrkja og kyrkje-lydane vere slik at ulike folk i ulik alder kjenner seg heime og del av fellesskapet her?

Dette er nok eit av dei vanskelegaste spørsmåla for kyrkja for tida! Av erfaring veit eg at mange ungdommar unngår kyrkja, fordi dei ikkje kjenner seg heime der. Det kan vere på grunn av at salmane er gamle og dei ikkje kjenner seg igjen, preika er for lang eller keisam, det er for tidleg på dagen eller berre ikkje kult nok. Mange ungdommar oppsøker meir karismatiske kyrkjelydar eller grupper der dei lettare kjenner seg heime. Men eg ynskjer og har tru på at kyrkja òg både kan og vil vere relevant for ungdom og det kan vi som er unge vere med å påverke!

Fagertun

Foreininga

I om lag førti år var det barneforeining knytt til Fagertun, og særleg dei siste åra var samlingane hos Inger Lavik på Lavik. For omlag tre år sidan gjekk foreininga over til å bli ei vaksenforeining, og dei samlast no om lag ein gong i månaden i vinterhalvåret. Anne Margrete Eikefet fortel at føremålet er å samle inn pengar til leirstaden og å be for verksemda der. Dei samlast og for å strikke opp alt garnet som har samla seg opp, for barneforeininga fekk mykje garn til samlingane sine. Dei strikkar gevinstar til Fagertunstemna og den årlege basaren, som i år er i juni. No er dei fem medlemmer i foreininga. – Men me har plass til fleire, så viss nokon vil vere med er det berre å seie ifrå, smilar Anne Margrete. Kva dei gjer på foreiningsmøta sine? – Me strikkar, pratar, et og har ei lita andakt, seier ho.

Leirstaden

Fagertun er eigd av Norges Samemisjon, Bergen krets.



Fagertunforeininga med noko av det dei har laga til basaren i år. F.v. Anne Margrete Eikefet, Anny Gullbrå, Lilly Nese, Inger Lavik og Ingunn Gullbrå. Foto: Ole Andre Eikefet

Leirstaden er bygd på den gamle skuletomta i Fagerdalen, ein sidedal til Eksingedalen. Den gamle skulestova står framleis, men er ikkje i bruk, men hovedbygget inneheld mellom anna samlingsrom, soverom, kjøkken og spisesal. Det er 36 sengeplassar, for det meste fordelt på 4-sengsrom. Samemisjonen arrangerar lei-

rar der, men og andre leiger leirstaden til leirverksemd. Til dømes har konfirmantane i Vaksdal reist på leir der dei siste tiåra. Fagertun vert elles nytta til festar, årsmøledagar og andre samkomer, og då biskopen var på visitas i vinter var det naturleg at han var innom. Drifta av leirstaden vert finansiert av leigeinntekter og gåver

– til dømes takkoffer i kyrkjene i Vaksdal. Dei siste åra er anlegget opprusta både ute og inne, inkludert ny kjøkkeninnreiing og ny brunn som har gjeve betre vatn. Mellom planane framover er å utbetre sanitæranlegget i kjellarhøgda, samt å lage ein ny inngang til spisesalen for å lette tilgangen di for rørslehemma.

Fagertunstemna

Fagertunstemna i år vert søndag 15. juni. Det startar kl. 11 med ei samling, og held fram med matøkt og basar. For meir detaljert program: Sjå annonsar og plakatar.

Konfirmant-jubiléum

Sokneråda i Eksingedalen har teke imot oppmodinga om å skipe til jubileum for konfirmantane i Eksingedalen, og innbyd til dette **søndag 21. september**. Dei vil slå saman tre årskull i denne feiringa, og planlegg å sende ut skriftleg innbyding før sommarferien.

Søndag 5. oktober er datoen for 50- og 60-årskonfirmantane på Dale.

Søndag 12. oktober er datoen for 50-årskonfirmantane på Vaksdal.

Begge stadene kjem det skriftleg innbyding til dei det gjeld.

Når Kyrkjebladet går i trykken er det ikkje fastsett dato for Stamnes sine 50-årskonfirmantar.

Glimt frå bispevisitasen

11.-16. mars var biskop Halvor Nordhaug på visitas i kyrkjelydane i Vaksdal. Etter visitasgudstenesta på Dale la biskopen fram ein rapport og ei oppsummering etter vistasen. Her fylgjer nokre glimt frå han. Heile rapporten ligg ute på www.vaksdal.kyrkja.no



I møtet med biskopen var fleire frå leiinga i Vaksdal kommune med, saman med staben på Kyrkjekontoret og leiinga i fellesrådet.



På Stamnes var det ei gudsteneste som markerte utsendingar av valmenn til Eidsvoll for 200 år sidan, og skulen hadde førebudd opptrekk og program både utanfor og i kyrkja. Biskopen kom til Stamnes i robåt, og vart møtt av born og vaksne på kaien.



Eit møte med RLE-lærarar i kommunen sto og på programmet, der vart det snakka mellom anna om sjølve faget og om samarbeidet mellom skule og kyrkje.



Biskopen har ein kross som er to hundre år gamal, og han fortalte en spennende historie om korleis krossen vart gjeven til dåverande biskop i samband med Noreg si lausriving frå Danmark.



Elevane på Eksingedalen skule møtte biskopen til måltid, orientering og ein spørjerunde.



Besøk i fabrikkjen var det og tid til, Lorents Tvedt viste rundt og fortalte om garnet sin veg til å bli genser.

Dette har vore ein innhaldsrik visitas med lange bilturar høgt til fjells og ein kort rotur til Stamnes kyrkje. Eg har verkeleg fått innblikk i det som er utfordringa her i kommunen: Geografien. Her er mange små bygder med mange kyrkjer og synkande folketal. Eg har opplevd så smale og bratte vegar at eg ved å be berre ved å køyra på dei.»

Under visitasen har eg fått gode møte med lokal kultur, med skule og kommune. Og eg har lært kyrkjelydane å kjenna, fyrst og fremst gjennom møtet onsdag kveld med sokneråda og gjennom ei informativ visitasmelding.

Til kommunen: Eg vil rette ein takk til kommunen og ordføraren for velvilje og omsorg for kyrka. Det seier noko om at ein ser kyrkje som ein viktig aktør når ordføraren prioriterer å sitja i fellesrådet. Det er gledeleg at kommuneplanen nemner trusopplæringa som «eit godt pedagogisk tilbod» og omtalar kyrkja som «velorganisert, effektiv, prega av stort frivillig engasjement» og seier at kyrkja «gjev eit godt tilbod til alle som ynskjer det i kommunen». Det er sanne og gode ord. Takk for dei! Og så vil eg gje kommunen ei utfordring tilbake. Nett no når trusopplæringa tar til for alvor, vil det vera godt om det var nok midlar til utviding av kantorstillingane, då ville de nå lenger.

Fire utfordringar

Etter visitasen vil eg gje dykk fire utfordringar, og om eit år vil eg ha ein rapport som fortel korleis det har gått. Desse utfordringane vert då tema for prostens sin årlege samling med kyrkjelydane. Utfordringane er:

- Bruk kyrkjene, kom til gudsteneste også om du må kryssa ei soknegrense!
- Dale må få gudsteneste annankvar sundag!
- Start ei gjevarteneste til kyrkjelydsarbeidet der ein får høve til å gje til korarbeid eller trusopplæring!
- Få på plass eit tilbod om undervisning for vaksne, bibeltimar eller samtalekveldar!

Med desse utfordringane reiser eg frå Vaksdal, full av inntrykk og god mat. Eg ynskjer Guds signing over kyrkjelydane i Vaksdal.

Björgvin bispestol 16. mars 2014
Halvor Nordhaug

Frys du???

AO-senteret KF kan hjelpe deg med:

- Ved
- Tøva tøflar
- Ullsjal / Halsar
- Pulsvarmarar
- Babyteppe

DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN

Opningstider: 7.30 - 15.00

Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no
ao-senter@vaksdal.kommune.no



Arne Normann var utropar på kyrkjebakken på Stamnes, slik ein tenkjer seg det kan ha vore for 200 år sidan.



Elevane i 9. og 10. klasse ved Dale barne- og ungdomsskule møtte biskopen til spørjetime, og hadde førebudd mange og gode spørsmål, langt fleire enn kva han rakk å svare på.



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34

Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



Konfirmantar 2014



Konfirmantar i Dale kyrkje 3. og 4. mai

1. rekke frå venstre: Oda Kristine Øygard Steinkopf, Ina Farestveit, Simone Johansen Sellevold, sokneprest Frode Kvamsøe, Mari Dale Sellevold, Jenny Kristine Boge Fotland, Tora Roe. 2. rekke: Nikolai Breivik Johnsen, June Seim, Amalie Mehus Lie, Victoria Solveig Faugstad, Amalie Sellevold, Eryka Jaroszewska, Adrian Småland Vildalen. 3. rekke: Markus Roe, Jonar Heimdal Dalseid, Halvard Langhelle Thrulsen, Eirik Boge Sigurdson, Martin Tvetærås Terjesen, Håvard Faugstad Davidsen. Foto: Lars J. Løtvedt.



Konfirmantar i Stamnes kyrkje 11. mai

1. rekke frå venstre: Jonas Gammersvik, Ester-Ginsella Mndolwa, Mathias Gammersvik 2. rekke: Simen Kalvik, Marcus Gullbrå, sokneprest Edvard Bø. Foto: Sigmund Simmenes.



Konfirmant i Bergsdalen kyrkje 25. mai

Kristian Fosse Osvold (t.h.) og sokneprest Frode Kvamsøe. Foto: Per Småbrekke.



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 4. mai

1. rekke frå venstre: Karoline Hammer Verpelstad, Malin Halland Midtbø, sokneprest Edvard Bø, Sofie-Amunda Moe, Benedicte Kvam Utskott, 2. rekke: Marcus André Herfindal Jacobsen, Elisabeth Skånvik Rikstad, Emma Berge Halland, Rebekka Løvstakken Folgerø, Sigrid Olsnes, Mads Walde Bjørsvik 3. rekke: Steffen Greve Rolland, Torbjørn Takvam Sæterdal, Anders Kongsvik Åsheim. Foto: Lars J. Løvvedt.



Kirkens SOS

Vil du gi tid til mennesker som trenger noen å snakke med?

Velkommen som medarbeider på Kirkens SOS! Du kan gjøre en forskjell for mennesker som har det vanskelig, og samtidig oppleve personlig utvikling.

Kirkens SOS er Norges største døgnåpne krisetjeneste, tilgjengelig på telefon og internett. Du får innføringskurs, veiledning og videre faglig oppfølging så lenge du er med i tjenesten.

Innføringskurs starter i Bergen 29. september.
Interessert?

Kontakt: Kirkens SOS i Bjørgvin
Tlf 55 32 58 45 / mob 941 83 654
Epost: bjorgvin@kirkens-sos.no
Mer info: www.kirkens-sos.no/bjorgvin



Det skjer i bedehusa

DALE BEDEHUS

Onsdag 20. august kl. 19.00 og
Møte. Tale ved Reidun Skurtveit.

VAKSDAL BEDEHUS

Søndag 24. august kl 11.00
Storsamling. Tale ved Reidun Skurtveit.

BEDEHUSKJELLAREN

Søndag 24. august kl 11.30
Det er søndagsskule kvar tredje
søndag utover hausten.



Friluftsgudstenester

9. juni (2. pinsedag) kl. 12.00:

Fitjivasstemna, i samarbeid med Samnanger.

22. juni kl. 16.00:

Friluftsgudsteneste i Agnavika (Stanghelle).

6. juli kl.- 15.00:

Stølgudsteneste på Øie (Bergsdalen).

27. juli (Olsok) kl. 18.00:

Olsokstemna på Leiro (Eidsland).

24. august kl. 11.00:

Fest på kjerka i Messehagen på Dale,
i samarbeid med Sjømannskyrkja.

Om det vert Dalastamna på fjellet
mellom Eksingedalen o0g Modalen i
år er ikkje avklara.

Daledagane i kyrkja

FREDAG:

Nattkonsert i Dale kyrkje
Kl 23.00 opnar dørene til ei musi-
kalsk oppleving inn i natta.
Med Per Jørgensen, Olav Arne
Steinkopf, Tone Synnøve Øygard
Steinkopf m fl

LAURDAG:

Kl 10.00 Konsert med kantorane
Steinkopf, «Grunnlov og
jubileum». Ulike komponistar vert
trekt fram, td Grieg, Halvorsen, Bach
jr, m.fl.

Kl 18.00 Konsert med Dale
Mannskor, Grunnlovsmarkering
medverkande Korksulen i Vaksdal,
Torsdagsklubben, Helge Arild
Bolstad og ordførar Eirik Haga.
Solid markering av grunnlovjubile-
et og tida som skapte den gode
musikken.

Open kyrkje

Stand i gata med presentasjon av
ny trusopplæringslogo.



Grunnlov, 150- og 300-års jubileum

KONSERT MED HISTORISK SUS KANTORANE STEINKOPF I DALE KYRKJE

Konserten med kantorane i år vert prega av både grunnlov og jubileum. I høve grunnlovsjubileet hentar kantorane fram komponistar som er sentrale for vår nasjon frå grunnlova var fatta og i tida framover. Nemnast kan til dømes Bull, Grieg, Backer-Grøndahl og Halvorsen. I tillegg til desse komponistane er det ein annan komponist som er naturleg å trekke fram, nemlig Carl Philipp Emanuel Bach, son av den store Johann Sebastian Bach. Han var viktig for vidareføringa av musikkstilarten som førte over til klassisismen og Mozart. I år er det 300 år sidan C. Ph. E. Bach vart fødd.

Gudstenestereform Gloria - lovsong

Ære være Gud i det høgste – syng me kvar søndag. Dette er lovsongen som vart sunge av englane julenatt. Det var hyrdane på Betlehemsmarkene som fekk høyre englesongen, og den syng me òg når me feirar gudsteneste.

Lovsongsleddet er todelt; Gloria og Laudamus. Til vanleg syng me berre Gloria, men innimellom syng me også Laudamus. På høgtidsdagar har me ein eigen Laudamus som vert sunge av forsongarar medan kyrkjelyden syng omkvedet:

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøger deg. Laudamus er ein meir fullstendig lovsong som er retta mot den treeinige Gud, altså Gud Fader, sonen Jesus Kristus og den Heilage Ande. Den er difor treleda eller har tre vers. Når me har gudstenester tilrettelagt for born og unge nyttar me ofte Måne og sol som Laudamus. Den songen har tre vers som handlar om kvar av dei tre skikkelsane i den treeinige Gud.

Det hender at me utelet å syng gloria i gudstenester. Då er me i fastetida. Dette er ein periode i kyrkjeåret der alt er nedtona og det ikkje er like naturleg å syng lovsongar av denne karakter.


Gloria – lovsongen, er eit ledd som i vår liturgi ikkje er endra med den nye gudstenestereforma. Me har heller ikkje valt å endre noko på melodiane meir enn det me allereie gjer i våre gudstenester.

Bli med når du er i kyrkja på gudsteneste og syng lovsongen, slik englane gjorde!

Tone Synnøve

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på
Kyrjekontoret



Kyrkja i dalen (2008)
Nesheim kyrkje 100 år.
111 sider -

NY PRIS kr 150,-.

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.




Dei bygde draumen (2005)
Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider -

NY PRIS kr 200,-

Kan kjøpast her:
Dale: Gyda.

Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja.



**Kyrkjestaden Dale
100 år** (1996)

104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja (1986) 239 sider
– kr. 50,-.

Jubileumshfte for Stamnes kyrkje
(perioden 1986-2011)
er til sals hjå sokneråds-
medlemmene, Kr 100,-

TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

Minnesamvære:

- Dekking
- Mat
- Servering

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



- vi gir morgendagen nye muligheter



Opningstider:
Mån-laur 8-20
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

S
STEINRIKET
DALE AS

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG

DØYPTE



Dale

03.05 Adrian Småland Vildalen

Eidsland

23.03 Linnea Møster-Dankertsen

Eksingedalen

20.04 Sander Sjøholm (i Bakka kyrkje)

Vaksdal

20.04 Aron Gjørund Dalseid

DØDE



Dale

10.02 Klara Helene Brekke 1929

02.03 Åslaug Helle 1915

10.02 Gerd Nyberg 1945

06.03 Rolf Erland Jansen 1936

29.03 Aslaug Kindem 1920

01.05 Lars Asbjørn Tvedt 1936

15.05 Alf Arnold Sandvik 1945

13.05 Margit Rørbakken 1924

Stamnes

27.02 Leikny Straume 1926

06.03 Rune Straume Samuelsen 1993

03.05 Åshild Marie Faugstad Lilletvedt 1950

Vaksdal

07.05 Andrea Maria Hanevik 1929

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 8. juni - Pinsedag

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Bø og Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Normisjon.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00 Høgtidsgudsteneste.

Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Søndagsskulen, Bergen krets.

Måndag 9. juni - 2. Pinsedag

FITJAVATNET/NORDVIKSÆTER kl. 12.00.

Fitjivasstemna. Aase. Matøkt (medbragt mat).

Sundag 15. juni - Treeiningssundag

FAGERTUN kl. 11.00.

Fagertunstemna / gudsteneste

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjelesorg (Modum bad).

Sundag 22. juni - 2. søndag i treeiningstida

AGNAVIKA (Stanghelle) kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

Sundag 29. juni - 3. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00.

Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.

Sundag 6. juli - 4. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN kl. 15:00. Stølgudsteneste på Høgestølen.

Edvard Bø

Sundag 13. juli - 5. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp.

Sundag 20. juli - 6. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp.

Sundag 27. juli - 7. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00.

Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.

Tysdag 29. juli - Olsok

LEIRO (Eidsland) kl 18:00. Olsokstemna/Friluftsgudsteneste. Kvamsøe.

Sundag 3. august - Olsok - 8. søndag i treeiningstida

Dale KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 10. august - 9. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Nattverd. Dåp.

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 17. august - 10. søndag i treeiningstida
EKSINGEDALEN KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 24. august - 11. søndag i treeiningstida
DALE. kl. 11:00. "Fest på kjerka"/Friluftsgudsteneste i
Messehagen på Dale, i samarbeid med Sjømannskyrkja.
Gammelsæter og Kvamsøe. Presentasjon av konfirman-
tane. Markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.
STAMNES KYRKJE. kl. 17:00 Familiegudsteneste. Bø og
Gammelsæter. Nattverd. Dåp. Presentasjon av konfir-
mantane. Markering av skulestart for 6-åringane.
Kyrkjekaffi.

Sundag 31. august - 12. søndag i treeiningstida
NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Bø.
Nattverd. Dåp. Presentasjon av konfirman-
tane. Markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.
VAKSDAL KYRKJE. kl. 17:00. Familiegudsteneste. Bø og
Gammelsæter. Nattverd. Dåp. Presentasjon av konfir-
mantane. Markering av skulestart for 6-åringane.
Kyrkjekaffi.

Sundag 7. september - 13. søndag i treeiningstida
BERGSDALEN KYRKJE. kl. 11:00. Bergsdalsstemna med
jordbærjazz. Gammelsæter. Nattverd. Dåp.
DALE KYRKJE kl. 19:00. Gudsteneste. Dåp. Nattverd.

Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsøle

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no